

Litleskare Johannes  
 Skarsvegen 640  
 5911 Alversund

Referanser:  
 Dykkar:  
 Vår: 22/8133 - 23/7186

Saksbehandlar:  
 Øystein Hafnor Kolstad  
 oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dato:  
 26.01.2023

## Rapport etter kontroll av søknad om produksjonstilskot 2022

Kommunen skal kontrollera at areal og kulturlandskapstilskot til jordbruksareal er i tråd med søknad og at vilkår om vanleg jordbruksproduksjon og miljøkrava om 2 meter vegetasjonssone mot vassdrag og forbod mot inngrep i kulturlandskapet er oppfylt. Kontroll av produksjonstilskot er heimla i § 10 forskrift om produksjon.

- Utgangspunkt for kontroll er i tillegg til søknadsskjema og gardskart georeferert dronefilm frå 20.09.22 Det er dei arealet i Alversund- Kvamme - Erstad som ligg innanfor filmområdet som har vorte kontrollert, dvs at det ikkje er kontrollert leigejord eller teigar som ligg utanfor det dronefilma området.

**Føretaket ditt er trekt ut for kontroll fordi ein ynskjer meir fokus på areal i drift og rett utfylling av søknad om produksjons- og avløysartilskot. Føremålet med kontrollen er at den skal virka skjerande og rettleiande for føretaket.**

### Generell merknad:

Landbrukskontoret er klar over att den nedbørrike sommaren har gjort både slått, gjødsling, pussing og beiting vanskeleg mange stader. Mange areal på kan difor framstå å vera i därlegare stand enn dei eigentleg er, på tidspunktet for filming.

GBNR	Namn føretak	Driftsform	Dato
148/1	Johannes Litleskare	Sau	8.12.22

Vanleg jordbruksproduksjon	Arealkontroll	Ja/Nei	Kommentarar
<b>Arealet er hausta/beita - minimum 1 gong i vekstsesongen</b>	- er det utført gjødsling, slått/beiting, jordarbeiding, -såing, plantevern el.l	Ja	Arealet ser ut til å ha vore brukt enten slått eller beite.
<b>Drifta har næringsmessig</b>	Framstår arealet	ja	Arealet ser stelt ut. Skil seg ikkje

<b>preg og god agronomisk praksis</b> -Arealet skal ikkje skilja seg vesentleg frå området rundt	som i drift/ stelt?		vesentleg frå området rundt. Noko ugrasproblem/tuer på ein del av område, sjå kommentar på dei enkelte bilda
<b>Areal ute av drift</b> -er det noko areal ført som ute av drift på søknaden	Ser arealet ut som det ikkje har vorte slått/beita i vekstsesongen	Nei	Alt arealet ser ut til å vera brukt
<b>Miljøkrav – kulturlandskap</b>  Inngrep som t.d fjerning av steingardar, sprenging av åkerholmar m.m	Er det gjort inngrep som forringar kulturlandskapet ?	Nei	Ingen inngrep registrert, men noko skog rydda
<b>Miljøkrav - vegetasjonssone</b> (normal hausting/skjøtsel er tillate)  ( vedlikehald av opne kanalar og grøftesystem er tillate)	Er det 2 meter vegetasjonssone til bekk, elv og vatn?		Ikkje relevant


### Konklusjon

Areala framstår som i drift og utifrå flyfoto frå 2020 er det gjort mykje bra arbeid for å forbetra areala. Noko ugrasproblem, så ha fokus på ugraskamp og rett gjødsling/kalking framover.

Ut frå vurderingane av dronebilete finn kommunen at dei omsøkte areaala er i tråd med vilkår om vanleg jordbruksproduksjon og miljøkrava om 2 meter vegetasjonssone mot vassdrag og forbod mot inngrep i kulturlandskapet.

\*\*\*\*\*

GBNR 138/4 – einaste arealet som er med på dronefilm på denne søknaden



Leiger alt arealet på teig med tunet 8 =,9,3 overflatedyrka og 10 daa innmarksbeite



Figur 1 Flyfoto frå 2020. Det ser ut som mykje av arealet ikkje var bruk



Figur 2 På dronefilm frå 2022 ser det ut som alt arealet er kome i drift att. Indikator -grønfarge på gras/vegetasjon



Figur 3 Areal farga med gult står som skog i kartet. Bør sjekka om det fyller krav til innmarksbeite og eventuelt endra AR 5



Figur 4 Er dette arealet eigentleg ein del av hagen, og difor skulle vore tatt ut som fulldyrka areal



Figur 5 Ein del tuer med ugras - bør ha fokus på ugraskamp

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Litleskare Johannes

Skarsvegen 640                    5911                    Alversund